



Roy Døssland i verksemda Rett Temperatur i arbeid med ny varmepumpe i Beinavikjo.

**Roy Døssland og familien, Listbeth Stensletten og to born, har flytta tilbake til Uskedalen, etter nokre år i Skrukkelia i Hurdalen kommune. Ikkje nok med det. Han har etablert seg på Døssland og starta verksemda Rett Temperatur. Bedrifta er lokalisert i Uskedalen og tilbyr tenester innan montering, drift og vedlikehald av kjøletekniske innstallasjonar.**

Uskedalen.no møtte Roy Døssland i arbeid med eit oppdrag i Beinavikjo. Det var montering av ei ny varmepumpe i ein av seksjonane på Uskedalen Brygge. Roy har 14 års arbeidserfaring innan dette faget. Han har med andre ord opparbeidd seg brei og allsidig kompetanse.

Verksemda Rett Temperatur er ei meisterbedrift og f-gass sertifisert for arbeid på alle kulde- og varmepumpeanlegg. Roy har fagbrev og meisterbrev. Han har utdanning som ingeniør frå fagskule innan klimaenergi og miljø i bygg.

I ein større annonse i Kvinnheringen i dag står Roy fram som autorisert forhandlar for Mitsubishi Electric varmepumper. Annonsen syner dei mest brukte modellane både i privathus og i næringsbygg. Roy lovar kort responstid for frammøte og pristilbod.

Dersom du treng utført arbeid innan dette fagområde, ta kontakt med Roy Døssland på mobil: 95 33 22 21 eller e-post: [roy@rett-temperatur.no](mailto:roy@rett-temperatur.no)

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal